

Eldrerådet

02.12.2024

Kjersti Nordanger

Informasjon

1. Kva får det å seia for eldreomsorga at budsjettstoda no har endra seg noko i positiv lei?
2. I budsjettet står det at ein skal redusera med 5 årsverk i naturleg avgang og ha eit såkalla «nedtrekk» på 12 i helse og omsorg. Her treng me ei oppklaring: er det i alt 17 stillingar som skal vekk? Og dermed 12 tilsette som mister jobben? Blir det då slik at ein at ein har mange nok «hender» i helse og omsorg og at personalmangelen ikkje eksisterer lenger? Kva får denne nedbemanninga eigentleg å seie for eldreomsorga
3. Ei dør inn ?
4. helsehuset og Lekvebakken

Lekvebakken og Helsehuset

Lekvebakken er framleis eigd av Voss bustadstifting. Stiftinga er søkt oppløyst, og når det er på plass vil Lekvebakken bli vurdert i samband med prosjektet «Kartlegging av kommunale bygg». I det prosjektet er meininga å få oversikt over alle kommunale bygg og eigedomar, og i lag med innspel for tenestene, avgjera kva eigedomane skal nyttast til i framtida.

Helsehuset har no stått tomt i fleire år. Det er svært uheldig. Det er gjort interne analysar for bruk, men ikkje funne ein god bruk for bygget. Ynskje no er at avdeling for Prosjekt og utvikling skal oppsummera status og koma med eit råd til Voss Eigedom. Dei vil då vurdere kva som er raskaste veg for å få aktivitet i bygget, slik at det ikkje vert ståande tomt i lang tid.

Hans-Erik Ringkjøp – kommunalsjef teknisk

Økonomien er kanskje litt betre men me brukar framleis meir enn me har, manglar framleis folk og tal eldre og unge med store hjelpebehov aukar . Omstilling er naudsynt



Brukar meir enn me har



Manglar folk



Nye behov i framtida

- 2023: Innt:1,918 mrd < Utg: 1,954 mrd
- Bud. netto driftsresultat 2024: 0 %

- Sjukepleiarar, legar, helsefag
- Lærarar
- Fråvær

- Demografikost
 - Fleire eldre
 - Auke i tal unge med store hjelpebehov

Voss Ipluss 2027 i helse og omsorg

Helse- omsorg	Innsparingar forbruksvarer Me reduserer med 12 årsverk som ikkje har vore mogeleg å rekruttera i eller ved naturleg avgang. Arbeider framleis målretta for å rekruttera nok folk.
Omsorg	Samanslåing korttids plassane Aust og Vest Aust og Vest samanslåing Leiarstilling Samlokalisere dagtilboda alle einingar
Sosial	Halde ledig 5 årsverk grunna naturleg avgang Nytta Jobbkonsulenter for å få fleire flyktningar i jobb Reduserte utgifter til midlertidig bustad Nav held ledig 1 årsverk
Helse	Forsøke å spare ei leiarstilling, leiar fys/ergo vert i tillegg versemndsleiar for avdelinga Reduksjon i rehabiliteringssenger til 7 som viser seg å vera behovet



Ei dør inn

Ser på moglegheit for å starta det her på tinghuset

Tett samarbeid med innbyggjarservice, frivillige og næringsliv

Startar med skriftleg og digital informasjon for å gjera den meir tilgjengeleg og enklare å nytta.

Vil komma i gang med innbyggjarsamlingar der ein får informasjon og dialog for å sikra at ei dør inn ikkje vert - ei ny dør inn.

Laga ein framdriftsplan